

Vår ref.: 20/592-63/ IFB
L.nr.: 21/6582
Dykkar ref.:
Arkiv: K2-L12, GBR-35/14
Dato 09.12.2021

Referat - Folkemøte for høyring og offentlig ettersyn av Detaljreguleringsplan Eide hamn 35/14 mfl.

Stad: Øen grendahus

Hyllestad kommune

Martin Lundgård – Kommunedirektør

Gaute Lundeland – Plan og utviklingssjef

Idar Førde Blom – Planleggar

Firda seafood - Nikolai Arnesen

A/stab – Gaute Baarøy

Møtet starta ved at kommunedirektør ønskte velkommen – Planen er på høyring no, med høyringsfrist til 12.desember.

Vidare så låg Firda Seafood fram ein presentasjon med info om historia til Firda og prosessen til no:

Firda Seafood

- Historie rundt anlegga i regionen
- Produksjonstal og kapasitet
- Lokalitetar i Åfjorden: Hatlem Ø, Storlia, Elveneset
- 10 tilsette, 4 katamaranar
- Ein gjennomgang av behova knytt til servicebasen: Garderobe, Kai for båtar som reiser ut 0815 og retur 1545, lager for utstyr, og administrative kontor
- Ein gjennomgang av innspel som er komen inn.
 - o Lite dialog – tar sjølvkritikk
 - o Lys – skal vere på dagstid
 - o Lukt – skal vere ryddig
 - o Støy – Skal vere innanfor arbeidstid.
 - o Utforming – gjort tilpassingar i skisse
 - o Samhandling med Eide Økogrend

Etter Firda så fortsette A/Stab med ein presentasjon av planframlegget.

A/Stab

- Formålet med planen – Ny servicebase for Firda seafood AS
 - o Servicebygning m/mogleik for overnatting
- Planområdet – 26 daa
- Varsla to gangar – Krav frå fylkeskommunen på å utbetre kryss i fylkesveg
- Planprosessen fram til no – Oppstartsmøte, Varsel om oppstart, varsel og utvida grense, høyring og offentleg ettersyn
- Gjennomgang av plankartet
 - o Bkb - formål, 30% BYA,
 - o Lagt inn meir areal for veg i området
 - o Vegbredde er auka i vegen inn til anlegg, møteplass
 - o Laga eige vegprosjektering etter N100
 - o Omsynssone for skredfare – flodbølge – i tråd med NVE sine krav på 3m
 - o Omsynssone avkøyrse - frisksone
 - o Kai mot sør innarbeidd i BKB.
- Illustrasjonsplan
 - o Bygg plassert i nordaust, parkering i sør, snuareal på området.
- Merknader
 - o Liten gjennomgang av innkomne merknader i prosessen
 - Planinitiativ
 - Oppstartsmøte
 - Varsel (to gonger)
 - Aktuelle partar vart varsla med brev
 - Merknader har vore behandla og svart ut i merknadsskjema
 - Offentleg ettersyn
 - Prosessen har følgd plan og bygningslova
- Tidspunkt for folkemøte
 - o Kvifor vart ikkje folkemøtet avholdt før utlegging til offentleg ettersyn.
 - Mest nytting å ha det i same prosess som høyringstida
 - Kommunen sin plan og kan styre prosessen
 - Vanleg etter plan og bygningslov med at folkemøte vert halden i høyringsrunda.
 - Folkemøte før høyring og offentleg ettersyn må planfremjar sjølv arrangere sidan planen er privat og ikkje offentleg.
- Overordna plan
 - o Hamn og servicebasen vurdert i tråd med overordna plan
- Omsynet til natur og miljø
 - o Hovudaktivitet 08-16 man-fre
 - Båtar utanom dette skal vere unntak.
 - o Ikkje forureinande verksemd
 - Forureina vatn vil ikkje sleppast ut i fjorden.
 - o Ingen utfylling av massar i sjø
- Samordna prosess med økogrend
 - o Eit ynskje om ein effektiv planprosess
 - o Det er ikkje skjedd noko i saka om EØ etter oppstartsløyvet i 2014
 - o Planfremjar ynskjer ei samhandling mellom EØ og Firda seafood
- Utbetring av veg
 - o Planframlegg antas å føre til ei mindre auke ÅDT på rundt 20 personbilar
 - o Krav frå vestland fylkeskommune Krysset mellom Skivenesvegen og fylkesvegen må regulast for å sikre betre sikt. Auka bredde for å sikre stoppsikt
 - o Det er regulert inn møteplass

- Allmeningskaia
 - o Utanfor planområdet
 - o Flytebrygger i føresegningsområde skal ikkje hindre tilkomst til kaien.

Etter presentasjonane frå Firda og A/Stab, så vart det opna for spørsmål frå salen.

Vind og krysset i fylkesvegen.

Kim Ronny Nygård

- Spørsmål knytt til vindforhold i Skiveneskrysset. Ved å fjerne bergknaus i fylkesvegkrysset, så vil det påverke busetnad rundt området her negativt. Er dette vurdert? Vert det forandring på drift?
- Skal det skje noko annleis på Eide basen i forhold til andre anlegg?
- Lysfolhold?
- Drift utanfor driftstid?

Kommentar forslagstillar: Vind er ikkje vurdert i planframlegget. Det vert ikkje forandra drift i høve til andre anlegg. Det vil ikkje lyse opp meir enn naudsynt. Drift vil halde seg innanfor arbeidstid kl 08-16, og det skal ikkje vere noko aktivitet etter kl 23. Det kan vere noko uforesett transport i tida etter kl 16.

Kjartan Åsmul

- Tatt ikkje godt nok omsyn til strandsone og busetnad.
 - o Etterlyser kompetanse innanfor områder
 - o Estetikk og arkitektur – manglande samhandling med planframlegg
 - o Tilnærming – ikkje gjort god nok samhandling med planframlegg og omsyn til bebuarar.
 - o Ikkje tatt gode nok omsyn og svart ut merknader.

Kommentar forslagstillar: Er svart ut gjennom bestilling knytt til planframlegg, med vegutbetring, servicebasen si utforming og innhaldet i planen. Ynskjer konkrete innspel og dialog til planen.

Kommentar kommunen: Det kan settast krav i føresegnene om for eksempel saltak med ei viss møne- og gesimshøgd.

Frå salen

- Skisse – spørsmål knytt til siktlinjer og omsynssone
 - o Siktlinje i fylkeskryss vil komme heilt i grense med veranda.
 - o Å fjerne knaus som må fjernast med siktlinje, så vil vinden vere ei stor utfordring for busetnad i området. Huset vil truleg ryke i vind i framtida.
 - o SV9 – kjem inn på eigedom – ikkje i tråd med ynskje frå grunneiar. Potensielle tap på eigedom.
 - o O_SVT9 – Stilte spørsmål knytta til utforming.
 - o Flytta svingen lenger vest?

Kommentar forslagstillar:

- *Ikkje rekkjefølgekrav på utbetring av veg. Planen er utført i tråd med vegnormalen.*
- *Fartsgrense kan senkast til 50 km/t. Siktlinje er utbetra i tråd med normalane.*
- *Utfordringar knytt til samhandling med eksisterande busetnad og siktlinje.*
- *Må sjåast på vidare i planarbeidet*
- *Vurdere å redusere hastighet endå meir i kryss for å redusere siktlinje og skjering.*
- *må vurderast nærmare om O_SVT9 skal reviderast.*
- *Flytting av svingen vil vurderast i det vidare planarbeidet.*

Terje Eilertsen

- Området burde vere plassert i eksisterande industriareal
- Kommunen burde kjøpt hamna når dei hadde sjansen – hatt råderett over hamna
- Store konsekvensar til støy, lukt, og tilfører alt for lite parkeringsplassar for ålmenta. Bør auke til 10 plassar for ålmenta.
- Må få eit mykje betre arkitektonisk utforming på bygg
- Hamnebasenget må vurderast nærare - betre forhold for dei som har båtplassar
- Dei næraste naboane vil bli påverka veldig uheldig som det ligg. – Føler seg skvisa ut og ikkje høyrd i planprosessen.
- Ikkje fått god nok samhandling mellom Eide Økogrend og planframlegg.
 - o Eide Økogrend føler seg svikta av kommunen.
 - o Vil ikkje bli realisert viss planframlegget fører fram.
- Må få ei betre samhandling med naboar
- Oppmode om at kommunestyret sender framlegget tilbake, og at det vert initiert til ny dialog med blanke ark
- Har Firda dårleg tid? Bør sjå på alle løysingar.

Kommentar Firda:

- *Det vert oppmoda om at det vert sendt inn merknader skriftleg som er konstruktive, så kan tas stilling til.*
- *Behovet for ein ny landbase er ikkje akutt.*
- *Innsjå som vert nemnt vert teken med i vidare planarbeidet.*

Astrid Waage

- Plass nok i hamnebasseng til at det kan navigerast innanfor?
 - o Oppmoding om praktisk eksempel med å ligge opp full trafikk i området, for å få ein reell kartlegging av området.

Kommentar Firda:

- *Er positiv til å gjennomføre eit forsøk med å legge til fire katamaranar ved molo.*

Georg Rønhovde

- Kvifor ikkje finne ein aktuell plass for serviceanlegg? Gode førehald på Sørbøvåg, med Finio. Bør ligge opp til å plassere basen på eit eigna industriareal.
- Midtlinjeprinsippet – sikre riktige rettar for området. Bør sjåast nærare på kva rettar som gjeld for området.

Kommentar forslagstillar:

- *Det er behov for å få gjennomført ein smidig prosess for serviceområdet. Vil sjå på rettigheter i området.*

Spørsmål til kommunen

- Vert det ført referat til kommunen?
- Har kommunen vore i kontakt med grunneigarar angående areal som vert påverka i prosessen?
- Parkeringsplassar – til kommunen, kva har kommunen tenkt i høve til parkeringsplassar for ålmenta?

Kommetar kommunen:

- *Ja det vil ligge tilgjengeleg i sakspapira.*
- *Planen famnar i hovudsak rundt Firda Seafood sitt areal. Areal utanfor dette vil vere grunnlag for ekspropriering i ettertid.*
- *3 parkeringsplassar er kanskje for lite. Må vurderast om det skal innarbeidast fleire plassar. Ber om innspel i høyringsrunda*

Kjartan Åsmul

- Båtane vil slite med å manøvrere i hamna. Vil vere utfordringar i samhandling med anna båt trafikk i området.
- Det er værhardt i området
- Har vore positive tankar knytt frå folkemøtet, men det er ikkje blitt gjort reelle endringar for å imøtekomme dei ynskjer som gjeld for forslagstillar og grunneigarar, så det er ikkje komen noko lenger.
- Det er ikkje gjort god nok samhandling → må innarbeidast betre dialog, sjå kva grunneigarar og interessentar ynskjer.
- Utforming – bør vere betre estetikk i plankart og føresegn knytt til dette.
- Næringsdrift for nytte av hamn?

Kommentar forslagstillar:

- Det er eit ynskje frå Firda Seafood å ha god dialog med alle partar i planprosessen, og ser at dette kan forbetrast vidare i planprosessen. Oppmodar om at alle innspel vert sendt inn i høyringstida.

Avslutningsvis frå Firda

- Oppmoding om konstruktive merknader innanfor høyringstid. Det ligg tilgjengeleg informasjon om planframlegg og høyring på kommunen si heimeside, under kunngjeringar.

Høyringsfrist 12.desember

Med helsing

Idar Førde Blom
Ingeniør

Telefon: 57789536

E-post: idar.forde.blom@hyllestad.kommune.no

Dokumentet er godkjent elektronisk, og har difor ikkje signatur.